

Til regionale frivillige kulturorganisasjonar i Vestland fylke.

Frå ressursgruppa som har førebudd stifting av Vestland Kulturkrets

Invitasjon til stifting av Vestland Kulturkrets

I perioden april til oktober 2024 har ei ressursgruppe på 10 personar arbeidd ut eit framlegg til vedtekter for eit nytt felles organ for det frivillige kulturlivet i Vestland. Bakgrunnen er signal frå regjeringa om at kulturpolitikken skal regionaliserast, altså at ein større del av beslutningsprosessane innafor kulturfeltet skal flyttast frå staten til fylkeskommunane.

Idéen er at denne nye organisasjonen- Vestland Kulturkrets - skal styrke og synleggjere det frivillige kulturlivet i *forkant* av ein slik regionaliseringsprosess. Eit styrka samarbeid innan det frivillige kulturlivet er også eit tiltak som er forankra i kulturstrategien i fylkesplanen for Vestland, sjå [Regional plan for kultur](#).

I arbeidet med å etablere Kulturkrets Vestland har vi formulert intensjonane med organisasjonen slik:

Hovudmålet for Kulturkrets Vestland er å betre rammevilkåra til det frivillige kulturlivet og deira føresetnader for å styrke det frivillige kulturlivet i fylket, og vere eit korrektiv og ein støttespelar i utvikling av regional og nasjonal kulturpolitikk.

Stiftingsmøte:

Ressursgruppa inviterer til hybrid stiftingsmøte i Storehagen 1 B, Førde sentrum, og på Teams, laurdag 7 desember 2024, kl. 12-14, med slik agenda:

1. Orientering om bakgrunn og prosess, v. prosjektleiar Sebastian Kaasa
2. Framlegg til stiftingsdokument og vedtekter
3. Strategi, tiltak og finansiering av fyrste arbeidsår v/ Svein Arne Skuggen Hoff
4. Val av interimstyre som skal fungere fram til fyrste ordinære årsmøte
5. Fastsetjing av tid og stad for fyrste ordinære årsmøte

Tilskotsseminar:

Etter stiftingsmøtet har vi lagt til rette for ein matbit, og deretter eit *tilskotsseminar*: Ei av dei viktigaste oppgåvene for kulturkretsen vil vere å styrke det frivillige kulturlivet i konkurransen om offentlege og private søknadsmidler. Vi inviterar inn eit panel av tilskotsinstitusjonar for å høyre deira kommentarar og tilbod til eit meir offensivt frivillig kulturliv.

Yngve Thorsen frå Stiftelsen Sparebank 1/Sogn og Fjordane Sparebank har alt lova å kome. I tillegg inviterar vi Sparebanken Vest, Gjensidigestiftelsen og Vestland Fylkeskommune.

Vi reknar med å ha gjennomført heile programmet innan kl. 17. Etterpå inviterer Sogn og Fjordane Kunstmuseum til ei kort omvising. (Det er i nabobygget)

Forslagsfrist og påmelding:

Vi oppmodar til at påmelding til stiftingsmøtet og eventuelle framlegg til endring av vedtektene vert sendt ressursgruppa v sebastian@memoar.no snarast råd, og seinast innan laurdag 30. november.

Vi oppmodar også til at framlegg på personar til interimstyret vert lansert snarast råd, og også sendt ressursgruppa seinast laurdag 30. november.

Bakgrunn:

Signala frå regjeringa om komande regionalisering av kulturpolitikken stammar frå strategidokumentet "[Rom for deltagelse - regjeringens kulturfrivillighetsstrategi 2021-2025](#)"

Seks av dei største frivillige kulturorganisasjonane i landet (Kulturalliansen, Norsk musikkråd, Kulturvernforbundet, Voksenopplæringsforbundet, Samarbeidsutvalet for amatørteater i Kulturalliansen og Møre og Romsdal musikkråd) vart i fjor haust samde om at det trengst ei styrking av det frivillige kulturlivet på regionplan. Saman starta dei eit prosjekt for å rette på dette - det blei forankra i Kulturalliansen. [Sjå meir om forhistoria](#)

På etterm vinteren sende Kulturalliansen så ut ein invitasjon til å etablere pilotprosjekt i nokre fylke. Interesse var størst i Vestland, Trøndelag og Innlandet - og desse tre vart pilotfylke. I Vestland vart Sebastian Kaasa engasjert for å få ein prosess i gang. Han inviterte regionale kulturorganisasjonar til eit dialogmøte i april i år. Alle deltakarane vartinviterte til å bli med i ei ressursgruppe - og 10 personar sa ja. Utanom Kaasa var det:

Elna Berge frå Sogn og Fjordane Husflidslag, Jan L. Jacobsen frå Vestland Musikkråd, Gunn Hauge frå Hordaland Husflidslag, Marit Kvamen frå Sogn og Fjordane Ungdomslag, Borghild Marie Opdahl frå Hordaland Ungdomslag, Bjarte André Misje frå Vestlandske Teatersenter, Bjørn Enes frå Memoar, Ingrid Sofie Nygaard frå Norges Musikkorps Forbund Nordvest, Svein Arne Skuggen Hoff frå Vestland fylkeskunstlag og Torgeir Toppe frå Voksenopplæringsforbundet i Vestland.

Ressursgruppa har hatt 8 møter, pluss kommunikasjon med dei andre pilotane og Kulturalliansen. Det har vore ein konstruktiv prosess som har resultert i eit felles ynskje om å få til ein kulturkrets, og eit samla forslag om et sett vedtekter som det er mogleg å starte med. Detaljerte reglar for stemmetal etc. må bli til under marsjen vidare.

Eit hovudpunkt i diskusjonen har vore finansiering av arbeidet: Ynskjet er å skape eit organ som ikkje fører til nye kostnader eller byråkrati for dei organisasjonane som sluttar seg til, men som opnar nye moglegheiter både for økonomi, politisk gjennomslag og effektivisering av arbeidet. Vi er no komne så langt at vi gjer framlegg om å stifte ein organisasjon og velge eit interimstyre som i fyrste omgang kan arbeide vidare fram til fyrste ordinære årsmøte.

Vi har søkt prosjektmidler til fyrste års arbeid frå utlysinga "[Pilotmidler for større mangfold og inkludering i det frivillige kulturlivet](#)". Vi har laga ei projektskisse - "[Inkluderingsdugnad 2025](#)" som vi meiner kan nyttast til å bygge Vestland Kulturkrets gjennom å gjennomføre eit inkluderingsprosjekt. (I og med at Kulturkretsen ikkje var etablert på søknadstidspunktet, er det formelt Memoar som har sendt inn søknaden - og i mangel av ei kulturkrets-nettside er søknaden tilgjengeleggjort hos Memoar)

Forslag til vedtekter kjem om få dagar.

Bergen 4. November 2024

For ressursgruppa - Sebastian Kvamsdal Kaasa